

VA-Rammeplan

Detaljregulering for naust Svortlandsjøen, gnr./bnr.
109/320 m.fl., Bømlø kommune



Planid.: 4613_202302

Dato: 08.04.2025


Innhald

1	<i>Innleiing</i>	2
2	<i>Vassforsyning</i>	3
2.1	Løysing for vasstilførsle.....	3
3	<i>Løysning for avløp – offentlig avløp</i>	5
4	<i>Overvasshandtering</i>	5
4.1	Dagens løysing	5
4.2	Beskriving av området	5
4.3	Overvasshandtering	5
4.3.1	Flaumvegar	6
4.4	Konsekvensar for areal nedstraums planområdet	6
5	<i>Kjelder</i>	7
6	<i>Vedlegg</i>	7

1 Innleiing

Hovudføremålet med planen er å legge til rette for vidare naustbygging med tilhøyrande småbåtanlegg, tilkomst, grøntområde og parkering.

Planområdet er 8,9 daa og ligg ved Svortlandsjøen i Bømlo kommune.



Figur 1 Illustrasjonsplan

Bømlo kommune sine krav til innhald og omfang av VA-rammeplan er lagt til grunn for utarbeiding av VA-Rammeplanen. Planen skal gi prinsipppløysingar for området, samanheng med overordna hovudsystem, dimensjonere for framtidig endring i klima, syne løysningar for overvasshandtering, sikre flaumveggar og sløkkjevatn.

VA-Rammeplanen er utarbeida i samband med detaljreguleringa.

Bømlo er ikkje rekna som følsamt område i forureiningsforskrifta. Området ligg i Bømlo vassdragsområde/REGINE-eining i NVE Atlas (043). Planområda strekk seg i frå sjø til om lag 22 m.o.h. ved høgaste punkt vd fylkesveg. Det er ingen større bekkar i området.

Kva gjeld forureining i frå planområdet i avrenningsvatnet, gjeld forureiningslova. Denne har som formål *å verne det ytre miljø mot forurensning og å redusere eksisterende forurensning, å redusere mengden av avfall og å fremme en bedre behandling av avfall. Loven skal sikre en forsvarlig miljøkvalitet, slik at forurensninger og avfall ikke fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader naturens evne til produksjon og selvfornyelse.*

Det skal ikkje etablerast forureinande verksemdar i planområdet.

2 Vassforsyning

Bømlo kommune har kommunalteknisk VA-norm. Norma er utforma av Vann Vest, basert på malen til Norsk Vann. Me har lagt Bømlo kommune si VA-norm til grunn for løysingane som er skisserte under. Nye bygningar i planområdet, skal kople seg på offentlig vassnett og avlaupsløysing. Avlaup må pumpast frå einingane til tilvist kum.

2.1 Løysing for vasstilførsle

Vasstilførsel for området kjem gjennom offentleg 110 mm PE vassleidning til offentleg fordelingskum. Kummen har ikkje restplass til fire nye stikk og det må etablerast ein ny kum sør for eksisterande kum. 110mm må forlengast til denne kummen og dei fire stikka i sør må flyttast over i ny kum. Kummen er opplyst av BVA å levere 20 l/s. Ein ser føre seg at BVA overtek den nye kummen.



Figur 2 Eksisterende kum med brannvassuttak. Dei innringa stikka flyttes til ny kum og utløp erstattes med 110mm

2.2 Sløkkjevatn

Utgangspunktet for sløkkjevatn vil vere dei preaksepterte verdiane i rettleiinga til Tek 17; 20 l/s i bustadområde og 50 l/s i sentrumsområde/industrialområde. Det er eit eksisterande brannvassuttak i den offentlege kummen og er oppgitt av BVA å vera 20 l/s, noko som oppfyller krava i Tek 17. Den er også innanfor akseptabel avstand frå nye bygg som illustrert på teikning GH001.02

3 Løysning for avløp – offentlig avløp

Nausta skal ha egne avløpsspumpestasjoner og ein kum for trykkavløp i henhold til VA-Norm, vedlegg A16. Herfrå skal det pumpast til kum tilvist av BVA og ha sjølvfall vidare til offentlig pumpestasjon.

4 Overvasshandtering

4.1 Dagens løysing


Dagens overvassløysing er løyst med naturleg avrenning til sjø.

4.2 Beskriving av området

Planområdet ligg i Svortlandsjøen i Bømlo kommune og er 8,9 daa totalt. Området består av eksisterande naustområde, planert oppstillingsplass og privat tilførselsveg.

4.3 Overvasshandtering

Ein ser føre seg å framleis nytta seg av naturleg fall og avrenning til sjø, då alle delane av området som vert planlagt utbygd er heilt i sjøkanten og dei framleis vil ha same naturlege fallet mot sjø som i dag. Vasskum vil bli drenert til eksisterande overvassleidning. Ein ser det ikkje som naudsynt å fordrøye vatnet i dette område, då området ligg svært nær sjø og eksisterande overvassvegar framleis vil ha fri tilgang til resipient.



Figur 4 Illustrasjon av tretrinn-strategi – Norsk Vann

Tretrinn-strategien vil bli løyst på følgende måte:

Trinn 0 – Reguleringsplan og VA-Rammeplan

Trinn 1 – Avrenning til nærliggande sjø

Trinn 2 – Avrenning til nærliggande sjø

Trinn 3 – Avrenning til nærliggande sjø

4.3.1 Flaumvegar

Planerte flater må utformast slik at den kan verta nytta som trygg flaumveg under ekstreme nedbørshendingar. Vegnettet må ha fall mot sjø, og vekk frå bygg. Området ligg med naturleg fall mot sjø, og vert utforma slik at det vil ha trygge flaumvegar direkte til sjø.



Figur 5 Dagens flaumvegar vil ikkje bli påverka

4.4 Konsekvensar for areal nedstraums planområdet

Nedbørsfeltet har avrenning direkte til sjø, og vil derfor ikkje føre til skade eller ulemper for omkringliggende areal.

5 Kjelder

Bømlo kommune

Bømlo Vatn og Avløpsselskap

NVE Atlas

Statens Vegvesen – Vegkart

Google Maps

Flomkuben

Norsk Vann

6 Vedlegg

GH001.01 – VA-Plan

GH001.02 – Brannplan